



# KOMMUNEPLAN 2013-2025

## AREALDELEN

### FØRESEGN OG RETNINGSLINJER

Rev.06.03.2013  
Sist rev.18.03.2013

## INNHALDSLISTE

<b>A. 1. Generelle føresegner</b> .....	s.3
1.1 Verknad av kommuneplanen.....	s.3
1.2 Forhold til eksisterande planar.....	s.3
1.3 Utbyggingsavtalar.....	s.3
1.4 Utarbeiding av detaljplanar.....	s.3
1.5 Natur- og kulturverdiar.....	s.4
<b>2. Generelle retningslinjer</b> .....	s.4
2.1 Differensiert strandsoneforvaltning.....	s.4
2.2 Tilpassing av eigedomsgrensar.....	s.4
2.3 Tilknytingsplikt vatn/avlaupe.....	s.4
2.4 Krav til infrastruktur og tekniske anlegg.....	s.4
2.5 Utbyggingsavtalar.....	s.5
2.6 Utarbeiding av detaljplanar.....	s.5
<b>B. 3. Bygg og anlegg – generelle føresegner</b> .....	s.5
3.1 Krav til detaljregulering.....	s.5
3.2 Kulturminne.....	s.6
3.3 Utforming og estetikk.....	s.6
3.4 Universell utforming.....	s.6
3.5 Avstand til sjø.....	s.6
<b>4. Bygg og anlegg –særlege føresegner</b>	
4.1 Føresegner eksisterande bustadområde.....	s.6
4.2 Føresegner fritidsføremål utanfor 25-meters belte langs strandsona.....	s.7
4.3 Føresegner fritidsføremål i 25-meters belte langs strandsona.....	s.7
4.4 Føresegner for naust.....	s.7
4.5 Føresegner for Espevær.....	s.8
4.6 Føresegner for område med kulturhistorisk verdi.....	s.8
4.7 Føresegner for bygg/anlegg til fiskerinæring.....	s.8
4.8 Føresegner for småbåtanlegg .....	s.8
<b>5. Bygg og anlegg – Generelle retningslinjer</b> .....	s.8
5.1 Kulturminne.....	s.8
<b>C. 6. Landbruk-, natur- og friluftsområde samt reindrift, LNF</b> .....	s.9
6.1 Føresegner .....	s.9
6.2 Retningslinjer.....	s.9
<b>7. LNF-område der spreidd bustadbygging er tillat</b> .....	s.9
7.1 Føresegner.....	s.9
<b>D. 8. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner</b> .....	s.10
9.1 Område for ferdsel, fiske, natur og friluftsliv.....	s.10
10.1 Fiskeområda –gyteområde, trålefelt, kaste- og låssetting.....	s.10
11.1 Akvakultur.....	s.10
12.1 Båthamn – anlegg.....	s.10
<b>E. 13. Omsynssoner – føresegner og retningslinjer</b> .....	s.10-14
<b>F. Oversikt over gjeldande reguleringsplanar H910</b> .....	s.14-17

## **A. 1. GENERELLE FØRESEGNER (PBL §11-9)**

### **1.1 Verknad av kommuneplanen sin arealdel (jf.PBL. § 11-6.)**

Arealdelen til kommuneplanen fastset framtidig arealbruk for området og er ved vedtak i kommunestyret styrande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Planen gjeld frå vedtak i kommunestyret, dersom saka ikkje skal avgjerast av departementet etter PBL § 11- 16. Plan og bygningslova er styrande for all planlegging.

### **1.2 Forholdet til eksisterande kommunedelplanar og detaljplanar (jf.PBL. § 11-8 punkt f.)**

Kommunedelplanar, reguleringsplanar og utbyggingsplanar som tidlegare er vedtekne er viste med omsynssone H910. Desse planane gjeld framfor arealdelen til kommuneplanen.

### **1.3 Utbyggingsavtalar (j.fr PBL §11-9, nr.2)**

**§ 1.3.1** Utbyggingsavtale skal sikre at utbygging av område i privat regi byggjer på kommunen sine krav, ønskje og intensjonar slik dei er nedfelt i kommuneplanen eller reguleringsplan.

**§ 1.3.2** Kommunen sine krav til innhald i utbyggingsavtale skal avklarast så tidleg som mogleg. Bindande avtale kan ikkje gjerast før det er vedteke reguleringsplan for området. Avtalen skal godkjennast av kommunestyret og dette kan tidlegast gjerast i same møtet som reguleringsplanen vert godkjent.

### **1.4 Utarbeiding av detaljplanar (reguleringsplanar og områdeplanar) (jf. PBL § 11-9, nr. 8)**

**§1.4.1** I planarbeidet skal lokale særpreg og kvalitetar kartleggjast. (Døme på dette kan vera særeige terreng/landskap, kulturverdiar som gamle bygg og anlegg, steingardar, kjerrevegar og turstiar, særprega vegetasjon, elv/bekk/vatn, sosiale møteplassar (formelle og uformelle), badeplassar etc.). I planomtalen skal ein vise korleis ein har tenkt å nytte desse kvalitetane i den endelege planen. Kvalitative element skal trekkjast fram som ein verdi og med eigna planformål. Eksisterande infrastruktur og formell plansituasjon skal også kartleggjast og nyttast som eit ressursmessig grunnlag ved planlegginga.

**§.1.4.2** I planarbeidet skal det kartleggjast og takast omsyn til lokale kulturminne og kulturmiljø.

**§1.4.3** I nye naustområde skal det etablerast felles løysingar for småbåtanlegg.

**§1.4.4** I detaljplanar for bustadformål skal det definerast attraktive areal for leikeplassar. Maksimal avstand frå bustad til leikeplass er 200 meter. Det skal setjast av eit minstetal på 50 m<sup>2</sup> leikeareal pr eining i område for ein bustad og 25 m<sup>2</sup> leikeareal pr eining i område for konsentrert busetnad. Leike- og opphaldsareal ute skal ha ein solrik plassering og vera skjerma mot sterk vind, trafikkfare, høgspontanlegg og andre uheldige forhold. Slike areal skal som utgangspunkt liggja i flatt terreng der ballspel og liknande er praktisk mogleg (gjeld ikkje akebakke). Det skal nyttast typegodkjent utstyr og leikeapparat som skal monterast etter tilvising frå produsenten. Leikeareala skal vera ferdigstilte før det vert gjeve bruksløyve til bustadane.

**§1.4.5** Ved utarbeiding av detaljplanar for fritidseigedom skal det:

a. krevjast dokumentert godkjent vass- og avlaupsløysing elles så skal det krevjast tilkopling til offentleg- eller privat felles vass- og avløpsanlegg, dersom dette ikkje fører til unormalt høge kostnader

b. prioriterast fellesanlegg i/ved sjø framfor enkeltstående kaianlegg.

**§1.4.6** I plandokumenta skal det dokumenterast at utrykkingskøyretøy kan kome fram. Løysing for vatn til brannslukking skal definerast i plankartet eller i planbeskrivinga.

**§1.4.7** I bygg og anlegg som skal ha allmenn tilgang skal krava til universell utforming følgjast i all detaljplanlegging (Reguleringsplanar). Dette gjeld også for trafikkareal som skal ha allmenn tilgang. Kravet gjeld ikkje i grøntområde der ein ønskjer å leggja til rette for fysisk aktivitet. I grøntområde der fysisk aktivitet ikkje er det sentrale, gjeld likevel regelen.

**§1.4.8** Reguleringsplan for bustadområde skal innehalda rekkjefølgjekrav som sikrar at leikeplassar og fellesareal, trafikk sikre tilkomst m.m er opparbeidde og ferdigstilte før det vert gjeve bruksløyve for bustader.

### **1.5 Natur- og kulturverdiar (jfr.PBL §11-9 nr.7)**

**§1.5.1** Ved tiltak i område med registrert natur-/kulturverdi der det ikkje ligg føre plankrav, skal regional kulturminneforvaltning ha saka til vurdering før vedtak vert fatta.

**§1.5.2** Område med natur- og kulturverdiar som vert vurdert som verdfulle kulturlandskap skal ivaretaast og forvaltaast slik at kvalitetane i landskapet vert styrka.

**§1.5.3** Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne (som til dømes sjøbruksmiljø) skal i størst mogeleg grad takast vare på som bruksressursar og verta sett i stand.

**§1.5.4** Det skal leggjast vekt på god stad- og landskapstilpassing ved oppføring av nye bygningar og anlegg. Omsynet til landskap, jordvern, kulturminne og kulturmiljø skal ivaretaast.

## **A. 2. GENERELLE RETNINGSLINJER**

### **2.1 Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.**

25.mars 2011 vart det vedtatt nye statlige retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, jamfør plan og bygningslova § 6-2, og der føremålet er å tydeliggjera nasjonal arealpolitikk i 100 – meters belte langs sjøen. Forskrifta inneber ei geografisk differensiering av landet i tre sonar og der Bømlo kommune i ein prøveperiode på 4 år er plassert i sone 3, dvs område med mindre press på areala, jamfør forskrifta sitt punkt 7. Bømlo kommune legg til grunn at desse planretningslinjene skal leggjast til grunn for kommunen si vurdering og saksbehandling av arealsaker i denne planperioden.

### **2.2 Tilpassing av eigedomsgrenser**

Ved frådelling kan nye eigedomsgrenser tilpassast ut frå lokale forhold innafor reglane for grensejustering etter matrikkellova.

### **2.3 Tilknytingsplikt vatn/avløp**

Kommunen kan, for alle bygg som skal ha innlagd vatn (utsleppsløyve), krevja denne tilknytt offentlege eller felles privat vass- eller avløpsanlegg dersom dette ikkje fører til unormalt høge kostnader (Jamfør maksimumsbeløp fastsett av kommunestyre). Eksisterande fritidsbusetnad med godkjend løysing er ikkje omfatta av dette. Dersom kostnaden kjem over maksimumsbeløp sett av kommunestyre kan ikkje kommunen krevja bygget tilkopa.

### **2.4 Krav til infrastruktur og tekniske anlegg (jfr. PBL § 11-9 nr.3, §11-10 nr.2 og kap.27)**

**§2.4.1** Tilfredstillande løysing (kapasitet og kvalitet) for teknisk infrastruktur, veganlegg, snuplass og parkering, frisiktsoner og brannsløkking og naudsynte støyttiltak skal vera dokumentert før det vert gjevebyggjeløyve. Dette gjeld både nye og gamle frådelte byggjetomter og ved bruksendring.

**§2.4.2** Kommunen kan krevja tilknytning til offentleg- eller felles vass- og avløpsanlegg, dersom dette ikkje fører til unormalt høge kostnader (Jf. Pbl§ 27-1, § 27- 2, § 27-3). Ved unormalt høge kostnader kan kommunen godkjenne annan tilfredstillande ordning. Ansvarleg søker skal syte for at anlegg og tilkopling er i samsvar med normert standard og kommunale reglar.

**§2.4.3** Plassering av hushjørne, samt vatn og avløpsanlegg med tilhøyrande kummar og andre installasjonar skal vera dokumentert med X/Y og høgdekoordinatar i landsdekkande koordinatsystem. Aktuelle løysingar etter regelen skal avklarast/vurderast ved frådelling av byggjetomta.

**§2.4.4** Statens vegvesen sin «Rammeplan for avkjørslar og byggjegrenser i Region Vest» skal leggjast til grunn for søknader om avkjørslar og endra byggjegrenser.

## **2.5 Utbyggingsavtaler**

**§2.5.1** Det kan inngåast utbyggingsavtale mellom kommunen og grunneigar/ utbyggjar om privat utbygging av eit område med plikt og rettar for begge partar. Avtalen kan gjelde tilhøve som det er gjeve føresegner om i arealdelen til kommuneplanen eller reguleringsplan og elles regulera dei tilhøva som går fram av pbl § 17-3.

**§2.5.2** Inngått utbyggingsavtale kan gå ut på at grunneigar eller utbyggjar skal sørgja for, eller heilt eller delvis kosta tiltak som er nødvendige for gjennomføringa av planvedtak. Kostnadene som vert belasta utbyggjar eller grunneigar må stå i rimeleg høve til utbygginga sin art og omfang, den belastninga den aktuelle utbygginga påfører kommunen og kommunen sitt bidrag og forpliktingar til gjennomføring av avtalen.

**§ 2.5.3** Normalt bør det inngåast utbyggingsavtale i alle utbyggings saker med 20 eller fleire bustadeiningar eller der utbyggingsarealet er større enn 10 daa. Det kan og verta aktuelt å vurdere inngåing av avtaler for mindre prosjekt. Det skal alltid vurderast inngåing av utbyggingsavtale der det er fastsett rekkjefølgjekrav i kommuneplanen, kommunedelplan eller reguleringsplan for gjennomføring av ekstern infrastruktur.

## **2.6 Utarbeiding av detaljplanar (reguleringsplanar og områdeplanar) (jf. § 11-9, nr. 8)**

**§2.6.1** Kommunen sin startpakke for reguleringsplanar skal brukast ved oppstart, utarbeiding og behandling av reguleringsplanar.

**§2.6.2** Dersom planområdet grensar til vedteken arealplan etter Plan og bygningslova, skal ny arealplan ta omsyn til tidlegare plan – og rette opp uheldige effektar den nye planen får for den tidlegare planen. Kommunen definerer plangrensene, men kan administrativt overlata dette til tiltakshavar der planavgrensing er uproblematisk.

**§2.6.3** Tilfredstillande løysing (kapasitet og kvalitet) for teknisk infrastruktur skal dokumenterast i planarbeidet. Bømlo kommunen kan først overta drift og vedlikehald av infrastruktur når dette har ein standard i samsvar med normert standard og kommunale reglar for slik overtaking.

**§2.6.4** Detaljplanar som angår utbygging av bustadfelt, vegnettet og planar for sentrums-utvikling skal sendast barne- og ungdomsrepresentanten i kommunen for uttale. Barn og unge sine interesser skal omtalast i eige avsnitt i saksframstillinga.

**§2.6.5** I den grad det er mogleg skal planen sikra samanhengande grønstruktur ut til natur- eller friluftsområde.

**§2.6.6** Alle reguleringsplanar skal sendast Hordaland fylkeskommune for fråsegn.

**§2.6.7** Ved all planlegging og områdedisponeringar som omfattar sjøareal skal desse så tidleg som mogeleg verta lagt fram Sjøfartsmuseum for uttale via Hordaland fylkeskommune, seksjon for kulturminnevern og museum.

## **B. 3. BYGG OG ANLEGG (PBL § 11-7 nr. 1) – generelle føresegner**

### **3.1 Krav til detaljregulering (jf. § 11-9, nr.1)**

**§3.1.1** For nye areal avsett til bygg, anlegg, småbåthamn, samferdsle og infrastruktur kan arbeid og tiltak og frådelling til slike føremål ikkje finna stad før området inngår i reguleringsplan.

**§3.1.2** I eksisterande bustadområde kan det førast opp inntil 4 bueningar som fortetting utan krav om reguleringsplan.

**§3.1.3** I eksisterande naustområde skal det utarbeidast detaljplan før utbygging av område der det er plass til meir enn 4 naust i rekkje.

**§3.1.4** I eksisterande fritidsområde skal det utarbeidast detaljplan før utbygging for område der det er plass til meir enn 3 fritidsbygg i rekkje.

### **3.2 Kulturminne:**

**§3.2.1** Eldre og nyare tids kulturminne og kulturmiljø skal takast omsyn til ved all utbygging.

### **3.3 Utforming og estetikk (Jf. PBL § 11-9, nr. 6 og § 11-10 nr. 2)**

**§3.3.1** Byggjetiltak som i nærmiljøet klart avvik frå eksisterande byggeskikk er ikkje tillat.

Byggjetiltak i strandsona skal ha eit maritimt uttrykk. I den grad regelen får intern konflikt skal det siste punktet vektleggjast.

**§3.3.2** Nye tiltak skal plasserast og utformast slik at den underordnar seg terrenget. Skjeringar og fyllingar skal opparbeidast mot eksisterande terreng til eit naturleg uttrykk og skal ferdigstillast fullstendig.

**§3.3.3** Nye tiltak skal ikkje ta i bruk meir av strandlina enn det som er naudsynt for å få gjennomført tiltaket. Sprenging, graving, utfylling og bygging i strandsona skal utførast skånsamt.

**§3.3.4** I nye naustområde skal det etablerast felles løysingar for småbåtanlegg. I eksisterande naustområde kan det opnast for enkeltbyggjer der det ikkje er rom for fellesløysingar.

**§3.3.5** Ved omdisponering av areal som er nytta som leikeareal - eller andre viktig fellesareal /grønstruktur - skal slikt areal erstattast fullverdig.

### **3.4 Universell utforming (jf. § 11-10, nr. 2)**

**§3.4.1** I søknader om byggjeløyve for nye bygg og anlegg som skal ha allmenn tilgang skal det dokumenterast "Universell utforming" i samsvar med føresegner definert av departementet. Dette gjeld også for trafikkareal som skal ha allmenn tilgang.

### **3.5 Avstand til sjø (jf. PBL § 11-9, nr. 5)**

**§3.5.1** Alle tiltak i 100-metersbeltet må ha godkjent byggjeløyve.

**§3.5.2** Arbeid og tiltak i nye byggjeområde sett av til bustad- og fritidsføremål, samt frådelling til slike formål, er ikkje lov nærare enn 50 meter frå sjø.

**§3.5.3** Arbeid og tiltak i eksisterande byggjeområde for bustad-/fritidsbygg, samt frådelling til slike formål, er ikkje lov nærare enn 25 meter frå sjø.

**§3.5.4** For arbeid og tiltak i eksisterande fritidsområde med føremålsgrense heilt til sjø, samt frådelling til slike føremål, følgjer byggjegrensa langs sjø føremålsgrensa for fritidsområde.

**§3.5.5** Arbeid og tiltak i nye og eksisterande LNF-område for spreidd bustadbygging, samt frådelling til slike formål, er ikkje lov nærare enn 50 meter frå sjø.

**§3.5.6** For arbeid og tiltak i nye og eksisterande naustområde, samt frådelling til slike føremål, følgjer byggjegrensa langs sjø føremålsgrensa for naustområde.

**§3.5.7** For arbeid og tiltak i område med kulturhistorisk verdi merka K i plankartet, samt frådelling til slike føremål, følgjer byggjegrensa langs sjø føremålsgrensa for desse områda.

## **B. 4. BYGG OG ANLEGG – SÆRLEGE FØRESEGN**

### **4.1 Reglar for eksisterande bustadområde som ikkje er omfatta av detaljplan (Jf. PBL § 11-9, nr. 5 og 6, samt § 11-10, nr. 1 og 2)**

**§4.1.1** Det kan byggjast inntil 2 bustadeiningar pr. eigedom. Utnyttingsgrad skal ikkje overstige 25% (BYA=25%).

**§4.1.2** Det skal vera minst 2 parkeringsplassar for bil pr. bueining - evt. 1 parkeringsplass i tillegg til garasje.

#### **4.2 Reglar for område sett av til fritidsføremål (Jf. PBL § 11-9, nr. 5 og 6, samt § 11-10, nr. 1 og 2)** (Dette gjeld fritidseigedom til eigars bruk, ikkje utleigeverksemd)

##### **Følgjande reglar gjeld fritidsføremål som ligg utanfor 25-metersbeltet langs strandsona:**

**§4.2.1** Samla bruksareal for ei bueining skal ikkje overstige 110m<sup>2</sup> BRA (bruksareal) og mønehøgde skal ikkje overstige 6,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

**§4.2.2** Uthus kan byggjast med inntil 15m<sup>2</sup> bruttoareal, og maksimum 3m mønehøgde.

**§4.2.3** Fritidseigedomar skal ha tilgang til minst 2 parkeringsplass. Bygging av garasje er ikkje tillat.

#### **4.3 Reglar for område sett av til fritidsføremål (Jf. PBL § 11-9, nr. 5 og 6, samt § 11-10, nr. 1 og 2)** (Dette gjeld fritidseigedom til eigars bruk, ikkje utleigeverksemd)

##### **Følgjande reglar gjeld for fritidsføremål som ligg i 25-metersbeltet langs strandsona (rorbu):**

**§4.3.1** Innafor føremålet sett av til fritidsbygg i strandsona kan det byggjast fritidsbygg, uthus og i tillegg kai som fundament for fritidsbygget.

**§4.3.2** Terrasse/veranda kan byggjast i bakkant av fritidsbustaden (på motsett side av strandlinja). På sjøsida kan det ikkje byggjast altan større en 14 m<sup>2</sup>, maks 2 m ut frå veggliv.

**§4.3.3** Takvindauge kan godkjennast.

**§4.3.4** Takvinkel skal vera om lag 35-45 grader.

**§4.3.5** Samla bruksareal skal ikkje overstige 110m<sup>2</sup> BRA (Bruksareal).

**§4.3.6** Fritidseigedomar skal ha tilgang til minst 2 parkeringsplassar. Rett til veg og parkeringsplass må dokumenterast før det vert gjeve delings- eller byggjeløyve. Bygging av garasje er ikkje tillat.

**§4.3.7** Uthus/grillhytter kan byggjast med inntil 15m<sup>2</sup> bruttoareal, og maksimum 3m mønehøgde. Dei skal ligge i bakkant av hovudbygning.

#### **4.4 Reglar for område sett av til naustføremål (Jf. PBL § 11-9, nr. 5 og 6, samt § 11-10, nr. 1 og 2)**

**§4.4.1** Innafor føremålet sett av til naust kan det byggjast naust, landfast flytebyggje m/landgang, utliggar og kai. Naust og tilhøyrande kai kan ikkje byggjast lengre ut enn 3 m frå kystkonturen. Flytebyggja kjem i tillegg til dette og kan ha maks storleik på inntil 15 m<sup>2</sup> og maks breidde 2,5 m. Den skal ikkje hindre fri ferdsel.

**§4.4.2** Naust definerer me som eit bygg for lagring/oppbevaring av båtar og ulike fiskereiskap samt eit bygg til bruk for Maritim rekreasjon.

**§4.4.3** Maksimalt tillat bruksareal er 40 m<sup>2</sup> (BRA) og maksimal mønehøgde er 5 meter målt frå ferdig golv.

**§4.4.4** Taket skal utformast som saltak, med takvinkel mellom 40-45 grader. Takutstikk skal vera knappe. Taktekking skal vera som for tradisjonelle naust.

**§4.4.5** Vindauge skal vera ståande (høge) utan store glasflater og utgjera maksimalt 3 % av den totale veggflata på naustet.

**§4.4.6** Terrasse, balkong, ark, karnapp, rekkverk, levegg, grillhus, anneks, uthus er ikkje tillat i naustområde. Det same gjeld trapper påbygd utvendig fasade.

**§4.4.7** Det kan godkjennast toalett og dusj. Maksimal størrelse på våtrom er 4 m<sup>2</sup>

**§4.4.8** Isolasjon er tillat.

**§4.4.9** Sløyebenk og vask er tillat.

**§4.4.10** Det må dokumenterast rett til bilparkering før frådeling - eller før godkjenning av byggjeløyve på tidlegare frådelt tomt.

#### **4.5 Føresegner for Espevær og tilliggjande øyar:**

**§4.5.1** Alle tiltak i 100-metersbeltet må ha godkjent byggjeløyve.

**§4.5.2** I område sett av til bustadføre mål kan det først opp bustader, uthus, garasjar og naust m/tilhøyrande kai.

**§4.5.3** Ved bygningsutforming, storleik, takvinkel m.m gjeld same føresegner som for bustader, uthus, naust og garasjar elles i Bømlo.

**§4.5.4** Arbeid og tiltak i nye byggjeområde sett av til bustad- og fritidsføre mål, samt frådelling til slike formål, er ikkje lov nærare enn 25 meter frå sjø.

**§4.5.6** Arbeid og tiltak på eksisterande bygg er lov heilt til sjølinja i byggjeområda, men nye bygningar, arbeid og tiltak som ligg nærare enn 25 m frå sjø er berre tillat der dei ligg i direkte tilknytning til eksisterande bygning. I urørt strandsone i byggjeområda gjeld byggjegrensa på 25m frå sjø.

#### **4.6 Reglar for bygg og anlegg sett av i område med kulturhistorisk verdi (K – i plankartet) omsynssone H 570\_13-34. (Jf. PBL § 11-9, nr. 5, 6 og 7, samt § 11-10, nr. 1 og 2)**

Dette gjeld bygg og anlegg som har ein lokal kulturell verdi eller som har ein kulturhistorisk verdi. (NB! DETTE GJELD IKKJE BYGG MED VERN ETTER SÆRLOV SOM HAR EIGNE REGLAR FOR FORVALTNING OG VEDLIKEHALD).

**§4.6.1** Innafor dette området skal nye bygg og tiltak ha tilsvarande uttrykk definert av objektet med kulturhistorisk verdi. Det bør ikkje tillatast ny arealbruk i strid med den kulturhistoriske verdien.

**§4.6.2** Ved bruksendring og byggetiltak må det visast nødvendig omsyn og respekt overfor den kulturhistoriske verdi bygg og anlegg har. Objektet sin ytre karakter og materialbruk skal ikkje endrast. Ved tiltak etter PBL § 1-6 skal objektet tilbakeførast til opphavleg uttrykk. Det vert ikkje gjeve løyve til påbygg av terrasse, balkong, veranda, karnapp, ark, vindusskodder m.m. som ikkje dokumentert var ein inkludert del av det opphavlege uttrykket.

#### **4.7 Reglar for bygg og anlegg i område for fiskeri/næring (kyst-/havfiske) (Jf. PBL § 11-9, nr. 5 og 6, samt § 11-10, nr. 1 og 2)**

**§4.7.1** Innafor føremålet sett av til fiskeri/næring kan det byggjast naudsynt driftsbygning, landfast flytebyggje m/landgang, utliggjar og kai. Driftsbygning og tilhøyrande kai kan ikkje byggjast lengre ut enn 3 m frå kystkonturen. Flytebyggja m/utliggjar kjem i tillegg til dette. Flytebyggja kan ha maks storleik på inntil 15 m<sup>2</sup> og maks breidde 2,5 m. Den skal ikkje hindre fri ferdsel.

#### **4.8 Reglar for område sett av til føremålet småbåtanlegg (Jf. PBL § 11-9, nr. 5 og 6, samt § 11-10, nr. 1 og 2)**

**§4.8.1** Innafor føremålet sett av til småbåtanlegg kan det etablerast flytebyggje m/landgang og utliggjar. Flytebyggja skal ha maks storleik på inntil 15 m<sup>2</sup> der maks breidde skal vera 2,5 m. Den skal ikkje hindre fri ferdsel.

### **B. 5. BYGG OG ANLEGG (PBL § 11-7 nr. 1) – retningslinjer**

#### **§5.1 Kulturminne**

**§5.1.1** Alle byggjeområde på land og i sjø er underlagt undersøkingsplikt etter kulturminnelova. Tiltakshavar har aktsemd - og meldeplikt. Dvs at arbeidet skal stoppast og kulturvernmynde varslast dersom tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

**§5.1.2** Alle planlagde enkelttiltak og planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal skal leggjast fram for Bergen Sjøfartsmuseum for uttale via Hordaland fylkeskommune, seksjon for kulturminnevern og museum.



## **C. 6. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE SAMT REINDRIFT (PBL § 11-7 NR. 5).**

Areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget til garden (§11-9, nr.5 og 6, samt §11-11. nr.1)

### **6. 1 Føresegner:**

**§6.1.1** Infrastruktur må etablerast i samsvar med normert standard og kommunale reglar.

**§6.1.2** Det skal ikkje utførast tiltak etter pbl §20-1 første ledd på dyrka mark eller på samanhengande innmarksbeite eller samanhengande skogsområde av høg bonitet.

**§6.1.3** Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje trugar verneverdig kulturminne og kulturmiljø.

### **6.2 Retningslinjer:**

**§6.2.1** Dersom kulturminne vert råka skal saka leggast fram for kulturvernmynde. Alle tiltak i ubebygd areal skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve kulturminnelova, jf §§3, 8 og 9.

**§6.2.2** Innanfor LNF-området kan naudsynt byggje- og anleggstiltak som inngår i landbruk og tilleggsnæring til landbruk tillatast. Tilleggsnæring til landbruk er definert gjennom rettleiaren «Landbruk+».

**§6.2.2** Større, viktige landbruksområde er registrert i temakart «kjerneområde for landbruk» utarbeida til vedtatt landbruksplan av 29.01.07. Temakartet skal leggast til grunn ved kommunen si langsiktige arealdisponering.

**§6.2.3** Ubebygde øyar, holmar og skjær skal ivaretakast og ikkje byggast ut.

## **C.7. LNF- OMRÅDE DER SPREIDD BUSTADBYGGING KAN TILLATAST (§ 11-9, nr. 5, 6 og 7, samt § 11-11, nr. 1)**

### **7.1 Føresegner:**

**§7.1.0** Innan landbruk-, natur- og friluftsområde med spreidd bustad kan det, berre for eksisterande, lovlege bygningar som ikkje er knytt til landbruk, gjevast løyve til følgjande:

a. Fasadeendring og innvendige arbeid, samt riving - på vilkår av at rivinga ikkje er i konflikt med vern av kulturminneverdiar.

b. Tilbygg/påbygg til bustad der korkje samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) er over 50 m<sup>2</sup>. Tilbygget kan vera underbygd med kjellar der terrengforholda ligg til rette for det. Det skal ikkje vera annekst.

**§7.1.1** I planperioden kan det byggast det tal bueiningar plankartet opnar for.

**§7.1.2** Garasjebygg eller uthus kan byggast på tidlegare utbygd bustadtomt. Garasje/uthus må vera i direkte tilknytning til eksisterande bygningar og ikkje over 15 m frå eksisterande bustad. Uthus skal ikkje vere for å bu i. Det skal vera 2 parkeringsplassar for bil – ev. 1 parkeringsplass i tillegg til garasje. Regelen gjeld ikkje for driftsbygningar knytt til landbruket.

**§7.1.3** Byggetiltak som i nærmiljøet klart avvik frå eksisterande byggjeskikk er ikkje tillat.

**§7.1.4** Bygningar skal plasserast og utformast slik at den underordnar seg terrenget. Skjeringar og fyllingar skal opparbeidast mot eksisterande terreng til eit naturleg uttrykk.

## **D. 8. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE(PBL §11-7 nr 6.)**

**§8.1.1** Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske. Tiltak som er i konflikt med desse føremåla er ikkje tillat, under dette flytebryggje og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett, jfr Pbl §11-11 nr.3.

### **§9.1. FFNF – Område for ferdsel, fiske, natur og friluftsliv (§ 11-9, nr. 5 og § 11-11, nr. 3)**

**§9.1.1** Tiltak som kan hindra ferdsel, fiske eller friluftsliv er ikkje tillate. Dette gjeld både flytande, botnfaste eller landfaste anlegg.

**§9.1.2** Etablering av mindre anlegg for friluftsmål kan tillatast etter godkjent byggjeløyve dersom tiltaket ikkje kjem vesentleg i konflikt med dei andre omsyna formålet skal ivareta.

### **§10.1 Fiskeområda: Gyteområde (gy), Trålefelt (tr), Kaste- og lossetting (k) (§ 11-11, nr. 3)**

**10.1.2.** Tiltak som kan hindra eller øydeleggja for definert bruk er ikkje tillate.

### **§11.1 Område for akvakultur (Ak) (§ 11-9, nr. 6 og § 11-11, nr. 3 og 4)**

**§11.1.1** I desse områda skal det ikkje etablerast flytande, botnfaste eller landfaste anlegg som kan hindra etablering av anlegg for akvakultur.

**§11.1.2** For område på land kan det etablerast nødvendige bygg og anlegg til formålet etter godkjent byggjesøknad.

**§11.1.3** Det er høve til å leggja fortøyingar og forankringar til fleirbruksområda i sjø utanfor føremålsgrensa for område sett av til akvakultur.

### **§12.1 Område for båthamner/anlegg (jfr.§11-7, nr. 6, §11-9, nr.1, 6 og §11-11 nr.5, 6)**

**§12.1.1** Område for båtanlegg i sjø og på land omfattar lagringsplass for båt, parkering, slipp, servicebygg, kai, bryggje, molo, bølgevern m.v.

**§12.1.2** Ved utbygging av båthamn må det takast omsyn til vær- og klimatilhøve, transportløyser på land og sjø, samt landbruk-, natur- og friluftssinteresser.

**§12.1.3** Søkjar skal leggja fram dokumentasjon på trygg hamn og evt naudsynte tiltak som sikrar trygg hamn.

## **E. 13. OMSYNSSONER (jfr. Pbl §11-8)**

### **§13.1 Nedslagsfelt Drikkevatt (H110\_1-17) (pbl§11-8 bokstav a)**

Nedslagsfeltet for drikkevatt er vist på plankartet med omsynssone.

#### **Føresegn:**

**§13.1.1** Innanfor nedslagsfeltet er det forbod mot tiltak som kan forureina drikkevattet.

### **§13.2 Støysone (skytebane) (H210\_1 og H220\_1) (pbl § 11-8 bokstav a)**

Skytebane på Vika med tilhøyrande støysone er vist på plankartet med omsynssone.

### **§13.3 Faresone stein- og snøras (H310\_1-63), (pbl § 11-8 bokstav a)**

Byggeområde og område for LNF-spreidd som ligg innanfor aktsemdsområde for stein og snøskred (kjelde- og utløpsområde) er fastsett med omsynssone for fareområde. Ved utbygging innafør desse områda må tryggleiksnivået vurderast og evt. avbøtande tiltak gjennomførast i tråd med teknisk forskrift TEK10.

### **§13.4 Faresone, militær verksemd (H380\_1) (pbl § 11-8 bokstav a)**

Sone H380\_1 er sone for skytefelt for forsvaret.

### **§13.5 FRI – Omsyn friluftsliv (H530\_1-9) (pbl § 11-8 bokstav c)**

Større, viktige område for friluftsliv innanfor LNF- områda er vist på plankartet med omsynssoner.

#### **Føresegner:**

**§13.5.1** Innanfor desse sonene skal naturkvalitetar og områda sine verdiar for friluftsliv ivaretakast og leggjast til grunn for kommunen si langsiktige arealdisponering.

**§13.5.2** Etablering av mindre anlegg for friluftslivsmål **kan** tillatast etter godkjent byggjeløyve.

### **§13.6 NAT – Bevaring naturmiljø (H560\_1-8) (pbl § 11-8 bokstav c)**

Svært viktige naturtypar (A-områda) frå kartlegginga og verdifastsetjinga av naturtypar i Bømlo og svært viktige vilttypar er vist på plankartet med omsynssone.

#### **Føresegner:**

**§13.6.1** Innanfor desse sonene kan det ikkje setjast i verk tiltak som kan skada dei aktuelle natur- eller vilttypene.

**§13.6.2** Oppstår det konflikt mellom omsynet til naturvern og friluftslivsmål – må friluftslivsmål vike.

### **§13.7 Bevaring kulturmiljø/kulturlandskap (H570\_1-37) (pbl § 11-8 bokstav c)**

Verneverdige enkeltobjekt og kulturmiljø/kulturlandskap er viste med omsynssoner på plankartet.

#### **Føresegner:**

**§13.7.1** Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor desse omsynssonene skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og om nødvendig sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak.

**§13.7.2** Det er ikkje lov å gjera nokon form for varige eller mellombelse inngrep som medfører å skada, øydeleggja, grava ut, flytta, endra, tildekka, skjula eller på annan måte utilbørleg skjemma automatisk freda kulturminne, eller framkalla fare for at dette kan skje.

**§13.7.3** I verdfulle kulturlandskap skal ein ta vare på kulturminne, landskapstype, biologisk mangfald og opplevingskvalitetar for framtida. I desse områda må ein syna varsemd med inngrep i landskapet.

#### **Retningsline:**

**§13.7.4** Ved handsaming av byggjesaker skal omsyn til kulturmiljø vektleggjast før det vert avgjort om tiltaket kan gjennomførast, og om lokalisering og utforming av det.

### **§13.8 Bandleggingssone, krav om reguleringsplan (H710\_1-109) (pbl § 11-8 bokstav d)**

#### **Føresegn:**

**§13.8.1** Innafor område med bandleggingssone skal ikkje frådelling eller bygging finna stad før reguleringsplan er stadfesta.

### **§13.9 Bandlegging etter lov om naturvern (H720\_1-23) (pbl § 11-8 bokstav d)**

Omsynssone H720\_1-23 viser område som er bandlagt etter lov om naturvern.

### **§13.10 Bandlegging etter lov om kulturminner (H730\_1-9) (pbl § 11-8 bokstav d)**

Omsynssone H730\_1-9 viser område som er bandlagt etter lov om kulturminner.

#### **Føresegner**

**§13.10.1.** Innanfor omsynssonene kan det ikkje utførast noko arealinngrep som kan skada, øydeleggja, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma dei automatisk freda kulturminna eller framkalla fare for at det skjer, jf. Kulturminnelova § 3.

**§13.10.2.** Ved utarbeiding av reguleringsplanar som inkluderer desse områda skal kulturminna med nødvendige sikringssoner regulerast til spesialområde vern.

**§13.10.3.** Mellomalderkyrkjegardane Voll, Moster, Bømlo og Bremnes/Gåsland er automatisk freda kulturminner. Innafor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på automatisk freda kulturminne er ulovlege utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast til rette antikvariske mynde, for tida Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til naudsynte granskingar og eventuelle arkeologiske utgravingar skal dekkast av tiltakshavar.

**§13.10.4.** Moster kyrkje og Bømlo kyrkje er freda kyrkjer. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova §21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Bømlo og Moster gamle kyrkje skal behandlast av Riksantikvaren som fattar vedtak etter kulturminnelova.

### Omsynssoner i plankart:

Sikringssone, nedslagsfelt drikkevattn. H110:

H110_1	Drikkevasskjelde
H110_2	Drikkevasskjelde + settefiskanlegg
H110_3	Drikkevasskjelde
H110_4	Drikkevasskjelde
H110_5	Drikkevasskjelde
H110_6	Drikkevasskjelde + settefiskanlegg
H110_7	Drikkevasskjelde
H110_8	Reserve drikkevasskjelde
H110_9	Drikkevasskjelde + settefiskanlegg
H110_10	Drikkevasskjelde
H110_11	Drikkevasskjelde
H110_12	Reserve vasskjelde
H110_13	Drikkevasskjelde
H110_14	Reserve drikkevasskjelde
H110_15	Reserve drikkevasskjelde
H110_16	Drikkevasskjelde + settefiskanlegg
H110_17	Reserve drikkevasskjelde

### Støysone (skytebane)

H210\_1 viser rød støysone kring Vika Skytebane

H220\_1 viser gul støysone kring Vika Skytebane

### Faresone stein- og snøras

H310\_1-63 viser sone med fare for stein- og snøskred

### Faresone, sone for militær verksemd, H380

H380\_1 er sone for skytefelt for forsvaret.

### Omsynssone, omsyn friluftsliv. H530

I føresegnene referert som friluftsområde; FRI

H530\_1 Utslåttøy

H530\_2 Hisøy område

H530\_3 Rogøy/Sæverudsøy

H530\_4 Barmane (statleg sikra friluftsområde)  
H530\_5 Djupedalstangen (kommunalt friområde)  
H530\_6 Hiskjo område (statleg sikra friluftsområde)  
H530\_7 Åreiddalen, Finnåsvatnet (statleg sikra friluftsområde)  
H530\_8 Ulvesøyane, Finnåsvika/Børøyfjorden (statleg sikra friluftsområde)  
H530\_9 Vedvika (statleg sikra friluftsområde)

#### **Omsynssone, bevaring naturmiljø. H560**

I føresegnene referert som naturområde; NAT  
H560\_1 Børøy – Ulvesøy. Viltområde  
H560\_2 Rustøy/Totlandsjøen. Viltområde  
H560\_3 Geitung. Naturbeitemark og sørvendte berg.  
H560\_4 Lyngøya. Naturbeitemark og sørvendte berg.  
H560\_5 Sagvatnet – Skogafjell. Viltområde  
H560\_6 Vikaneset. Kulturlandskap, kystlynghei og rikmyr.  
H560\_7 Nordøyane. Viltområde, rikt strandberg og marine naturtypar.  
H560\_8 Raudholmane – Låterøyområde. Viltområde

#### **Omsynssone, bevaring kulturmiljø. H570.**

H570\_1 - 12 er verdifulle kulturmiljø/kulturlandskap.  
H570\_13 - 34 er verneverdige sjøbruksmiljø.  
H570\_35 er potensiell funnplass for freda kulturminne  
H570\_36 er ei gravrøys  
H570\_37 er ein steinalderlokalitet

#### **Bandleggingssone, krav om reguleringsplan. H710.**

H710\_1-109. Omsynssona sett krav om utarbeiding av reguleringsplan.

#### **Bandleggingssone, bandlegging etter lov om naturvern. H720.**

H720\_1 Senjen- Naturreservat sjøfugl  
H720\_2 Koløy- Naturreservat sjøfugl  
H720\_3 Karihavet- Naturreservat sjøfugl  
H720\_4 Måkestein og Tovo- Naturreservat sjøfugl  
H720\_5 Trøytarosskjeret- Naturreservat sjøfugl  
H720\_6 Olvondo- Naturreservat sjøfugl  
H720\_7 Sagvatnet- Naturreservat barskog (anna utforming enn i Nat.base)  
H720\_8 Otterøy- Naturreservat sjøfugl  
H720\_9 Hestholmen- Naturreservat sjøfugl  
H720\_10 Eggvær - Naturreservat sjøfugl  
H720\_11 Trættebleikja- Naturreservat sjøfugl  
H720\_12 Skogafjellet- Naturreservat barskog  
H720\_13 Joøya- Naturreservat sjøfugl  
H720\_14 Upsøykalven- Naturreservat sjøfugl  
H720\_15 Utsletteøy- Naturreservat sjøfugl  
H720\_16 Sengane- Naturreservat sjøfugl  
H720\_17 Raudholmane- Naturreservat sjøfugl  
H720\_18 Hovsøya- Naturreservat sjøfugl  
H720\_19 Låtersøya- Naturreservat sjøfugl  
H720\_20 Melene- Naturreservat sjøfugl  
H720\_21 Meleneklubben- Naturreservat sjøfugl

H720\_22 Lyngøya- Naturreservat sjøfugl

H720\_23 Oksøya- Naturreservat sjøfugl

### **Bandleggingszone, bandlegging etter lov om kulturminner. H730.**

H730_1	Slåtterøy fyrstasjon
H730_2	Mellomalderkyrkjestad, Gåsland
H730_3	Steinalderbuplass, Hilde
H730_4	Handelsanlegg (bygningar)- Hiskholmen
H730_5	Mellomalder kyrkjestad, Moster
H730_6	Mellomalder kyrkjestad, Voll
H730_7	Mellomalderkyrkjestad, Bømlo
H730_8	Steinalderlokalitet- Dørøya
H730_9	Hummerpark - Espevær

### **Gjeldande reguleringsplanar. H910**

R-2	Rubbestadneset 10.07.1974
R-4	Ramskleiva 06.04.1976
R-5	Rubbestadneset 09.07.1976
R-6	Gåsland 23.03.1977
R-7	Meling 14.02.1977
R-8	Åsen 10.06.1974
R-9	Del av Folderøy 20.03.1979
R-11	Industriområde Hovlandshagen 12.02.1979
R-12	Industriområde, Hollundsdalen 23.12.1980
R-13	Hestavollen 12.11.1979
R-15	Hollundskjosen - Steinsbø skule 28.06.1982
R-16	Leite - Aust 22.02.1988
R-17	Stautland, gnr. 119 bnr. 1 29.03.1982
R-18	Mælandsvågen 28.12.1982
R-19	Delar av Øklandsvåg 21.09.1981
R-22	Stavland og Svortland 11.02.1981
R-24	Hidle søre og Våge nordre 02.08.1982
R-26	Heddabakkestølane 21.09.1981
R-27	Industrifelt Brubakken 19.04.1983
R-28	Mæland og Fylkesnes 15.12.1986
R-29	Deler av Vespestad 28.12.1982
R-30	Gnr 127 bnr 2, Helvik 28.12.1982
R-32	Delar av Alvsvåg, Mæland nordre, Mæland søre og Gilje 08.04.1981
R-35	Grunnavåg og delar av Notlandsvågen 02.02.1987
R-36	Hovland, Vold, Vespestad, Eide, Hillestveit, Vorland (Langevåg) 29.10.1984
R-37	Gnr. 122 bnr. 1 m.fl., Kulleseid 03.06.1985
R-38	Del av gnr. 127 bnr. 2, Plan 2, Helvik 18.02.1985
R-39	Del av gnr. 108 bnr. 26 17.12.1984
R-40	Spissøy øvre, gnr. 25 bnr. 15 m.fl. 05.12.1983
R-41	Hovland midtre, Vold og Vespestad gnr. 54, 55 og 56 31.10.1988
R-42	Håvik 01.07.1986
R-43	Våge 15.02.1986
R-45	Grønås, Teigland, Mosterhamn austre og vestre 27.04.1987
R-46	Delar av Vorland 02.05.1988
R-47	Skogbu kurs- og feriesenter 27.04.1987

- R-48 Hyttefelt Sørneset 14.04.1988
- R-49 Rolfsnes, gnr. 76 bnr. 99 26.03.1990
- R-50 Bremnes sentrum, del 1 13.11.1989
- R-51 Hovland midtre, Vold og Hillestveit 26.03.1990
- R-52 Hovland indre og Hovland midtre 01.07.1991
- R-54 Mosterhamn 15.02.1993
- R-55 Håvik ytre 14.09.1992
- R-56 Bustadfelt Hidleneset 19.10.1992
- R-57 Rv. 542 Sakseid - Thormodsæter 14.12.1992
- R-58 Hantikkehaugen - Notland 19.12.1992
- R-59 Gullgruveområde 12.09.1994
- R-60 Trekansambandet 14.11.1994
- R-61 Ramshellaren 06.09.1993
- R-62 Folderøy, gnr. 34 bnr. 1 18.10.1993
- R-64 Kvernavika 25.05.1998
- R-65 Siggjavågsjuvet 14.10.1996
- R-67 Simonvika del av gnr. 94 bnr. 4 20.06.1994
- R-68 Rubbestadneset sentrum 25.09.1995
- R-69 Laukhammer/ Steinsbø bustadfelt 06.11.1996
- R-72 Bømmelhamn- Lønning- Hovland 03.03.1997
- R-73 Mosterhamn vestre 02.02.1997
- R-74 Hestvoll område 11.05.1998
- R-75 Stongarvågen 18.11.1996
- R-76 Anglevik 12.04.1999
- R-77 Trekantsambandet, Gassasund - Røyksund 03.02.1997
- R-78 Kommunal veg på Spissøy 21.09.1998
- R-79 Rolvsnes, gnr. 76 bnr. 1 23.03.1998
- R-80 Bråtaneset 21.06.1999
- R-81 Del av Innvær, gnr. 86 10.05.1999
- R-82 Eidesfjell, gnr. 57 bnr. 1 m.fl. 08.03.1999
- R-83 Hallaråker, gnr. 107 bnr. 2 og 10 27.09.1999
- R-84 Arhaugen, Rubbestadneset 25.06.1997
- R-85 Fv17, Grønhaug - Kvernavik 25.09.2000
- R-86 Utviding av Hollundsdalen industriområde 25.09.2000
- R-87 Veg til Kvernenes og Vikane 29.06.1998
- R-88 Stavlandsneset 25.09.2000
- R-89 Skimmeland nedre 25.09.2000
- R-90 Træet- Eide 18.12.2000
- R-91 Gnr. 28 del av bnr. 3, 6, 12,17 og 33, Røyksund 18.12.2000
- R-92 Bjørkåsen 05.03.2001
- R-93 Naustområde Grønås-Midtnese 25.06.2001
- R-94 Holmesjøen hyttefelt 25.06.2001
- R-95 Heddabakkebråtet m.m. 19.11.2001
- R-96 Spissøy sør, gnr. 25 bnr. 6 17.12.2001
- R-97 Rolfnes, del av gnr. 76 bnr. 1,3 og 4 17.12.2001
- R-98 Del av Langevåg sentrum 16.06.2003
- R-99 Spissøy sør, gnr. 25 bnr. 6 18.05.2004
- R-100 Rv. 541, Eikeland - Idrettsplassen 17.02.2003
- R-101 Svortland sentrum 29.09.2003
- R-102 Grunnvågen 2, Moster 22.03.2004

- R-103 Gnr 16 bnr 14 m-fl.- Grønåsvågen 16.12.2002
- R-104 Breiavika/ Lepsholmvika 17.02.2003
- R-105 Meland søre, gnr. 112 bnr. 1 og 2 26.01.2004
- R-106 Notlandsvåg - Notland 25.08.2004
- R-107 Hyttefelt Hedlo 20.12.2004
- R-108 Hidleneset II, Finnås 20.12.2004
- R-109 Hytteområde Notland, Moster 20.12.2004
- R-110 Reiselivsbygg Lykling 20.12.2004
- R-111 Rv. 541 Langevåg - Løvegapet, gnr. 58 bnr. 1 m.fl. 31.10.2005
- R-112 Eikeland 12.12.2005
- R-113 Anskot 09.10.2006
- R-114 Rv. 542 Hollundskjosen - Hollundsdalen, gnr. 89 bnr. 6 m.fl. 18.12.2006
- R-115 Svortland 26.03.2007
- R-116 Gnr. 94 bnr. 6 m.fl., Straumen II 18.06.2007
- R-117 Korsneset, Goddo, gnr 63 bnr 2 17.12.2007
- R-118 Severinstø i Åreidvikjo, gnr. 6 bnr. 50 m.fl. 25.02.2008
- R-119 Raunevarden 10.11.2008
- R-120 Serklauholmen 30.03.2009
- R-121 Ternetangen, gnr. 86 bnr. 101, 185 m.fl. 30.03.2009
- R-122 Notland 15.06.2009
- R-123 Våge, motorcrossbane 12.11.2007
- R-124 Færavågen, Moster 15.06.2009
- R-125 Gnr. 53 bnr. 5, Hovland i Langevåg 06.10.2008
- R-126 Sentrumstunet, Rubbestadneset 15.12.2008
- R-127 Hyttefelt Jektaneset, delar av gnr. 14 bnr. 16 m.fl. 15.12.2008
- R-128 Eide, Folderøyhamn 24.09.2007
- R-129 Rv. 541 Rundkjøring Rubbestadneset, gnr. 83 bnr. 30 m.fl. 31.10.2005
- R-130 Rv. 541 Stokkabekken - Innvær 30.03.2009
- R-131 Rv. 541 Hestaneset - Tjong 30.03.2009
- R-132 Nese øvre 21.09.2009
- R-133 Rv. 542 Røyksund - Eikeland 11.05.2009
- R-134 Rv. 542 Rubbestad - Stokkabekken 30.03.2009
- R-135 Næringsområde Kvednavika II 14.12.2009
- R-136 Espevær, gnr. 46 bnr. 2 m.fl.- Saugøya 15.02.2010
- R-138 Rv. 541 Innvær - Katthola 30.03.2009
- R-139 Monsevikongane, gnr. 144 bnr. 9 27.12.1994
- R-140 Grunnvågen III 16.06.2008
- R-142 Hyttefelt Hedlo II 10.05.2010
- R-143 Skytebane på Gilje 13.11.2006
- R-144 Nøstebakken, Moster 10.05.2010
- R-145 Steganeset 20.09.2010
- R-146 Skimmelandstunet 21.09.2009
- R-147 Gnr. 114 bnr. 1, Gilje 14.06.2010
- R-149 Hyttefelt Trøytarosen, gnr. 122 bnr. 42 og 45 13.12.2010
- R-150 Håvik skule 15.06.2009
- R-151 Industriområde Hollundsdalen 01.09.2008
- R-153 Maurtua barnehage, Svortland 14.02.2011
- R-154 Søre Svortland 05.03.2007
- R-156 Fv.18 Urangsvåg 12.12.2005
- 200701 Bustadfelt Espeland- Grindheim 26.09.2011



200702 Havlandet, gnr. 5 bnr. 1 10.05.2010  
200703 Rubbestadneset Industriområde 21.12.2011  
200704 Nye Hollund barnehage 10.12.12  
200901 Fv. 14 Stavland- Bjødledalen 14.06.2010  
200902 Raudursundet, Urangsvåg, del av gnr. 94 02.11.2010  
200903 Svortland sør, del av gnr. 109 bnr. 9, 11, 12 og 561 26.09.2011  
200904 Tuvesundsholmen 26.09.2011  
200905 Aga hyttefelt, gnr. 144 bnr. 20 og 126 24.09.2012  
201001 Bøvågen, gnr. 14 bnr. 10 26.09.2011  
201002 Gnr. 56 bnr. 14, Vespestad- Langevåg 14.02.2011  
201004 Fv 18 Goddebrua-Austvik 12.11.12  
201102 Bustader Leite aust 11.06.12  
201104 Klæret 24.09.12  
201105 Svortland(v/Hollundskjosen) 24.09.12  
201106 Espeland-Grindheim 11.06.12  
201107 F.v 542 Mækjebakken 09.05.11  
201108 Straumøy sør 12.03.12

U-03 Heddabakketoppen 06.02.1992  
U-05 Del av gnr. 20 bnr. 5 og 6, Teigland 02.02.1995  
U-06 Stølslio 15.05.1997  
U-07 Spissøy sør 16.03.1995  
U-09 Jamnaheia, Steinsbø skule 30.04.1998  
U-10 Naustområde Møllevik 20.01.2000  
U-11 Hyttefelt Alvsvågneset, gnr. 110 bnr. 4 11.06.1998  
U-12 Delar av gnr. 91 bnr. 5, Urangsvågen 14.03.2001  
U-13 Erevikneset bustadfelt 13.02.2002  
U-14 Hyttefelt Fylkesnes, gnr. 113 bnr. 10 29.01.2003  
U-15 Stavlandsneset, område N1 20.09.2006  
U-16 Urangsvågen del av gnr. 94 23.08.2006  
U-18 Utbyggingsplan del av gnr. 109 bnr. 7 12.03.2008  
U-19 Jakobsmarkjo, gnr. 4 bnr. 27 og 53 12.10.2005

Datert

Bømlo, 06.12.2011.

Rev. 06.03.2013

Sist rev 18.03.13 (kommunestyrevedtak)